

E 39 Stord-Os, Ådland - Svegatjørn

Statleg kommunedelplan

PlanID NO201602.

Dato / revisjon: sist revidert 08.02.2019

Føresegner

Kapittel 1. Føremål

1-1. Føremål

Kommunedelplanen skal avklare trasé for E 39 med tilhørende anlegg mellom Ådland i Stord kommune og Svegatjørn i Os kommune. Planområdet omfattar areal i Stord-, Fitjar-, Tysnes- og Os kommune.

Kapittel 2 Generelle føresegner (pbl § 11 – 9)

2-1 Krav om reguleringsplan ((pbl § 11-9, nr. 1)

2-1.1

Innanfor plangrensa skal det utarbeidast ny reguleringsplan for alle tiltak etter pbl § 1-6 med unntak for areal regulert til samferdsleanlegg; pbl § 11-7 nr.2. Reguleringsplankravet gjeld også for alle tiltak innanfor sikringssona til vegtunnelane. Sikringssona har ei utstrekning på 40 m til kvar side målt frå veglina i tunnelvegplanet og 30 meter over og under tunnelvegplanet. Reguleringsplankravet opphøyrer når ny reguleringsplan for hovudvegen er vedteken.

Alle tilførselsvegar, gang- og sykkelvegar, kollektivanlegg og innfartsparkering som inngår i veganlegget knytt til E39 skal planleggast samtidig med hovudveganlegget.

Retningslinje for handsaming av støy i arealplanlegging, T 1442/2016, skal leggast til grunn for arbeidet med reguleringsplan.

2-2. Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (pbl. § 11-9 nr. 3.)

2-2.1 Hovudveg

Vegen skal planleggast som fire-felts veg med fysisk midtdelar mellom køyreretningane. Ny hovudveg skal ha dimensjoneringsklasse for motorveg med fartsgrense 110 km/t.

2-2.2 Tilførselsvegar

Det skal planleggast tilførselsvegar mellom eksisterande lokalvegssystem og nye kryss med hovudveg E39.

2-2.3 Gang – og sykkelveggar

Fjordkryssingane med bru over Bjørnafjorden og Langenuen skal planleggast med eige felt for gang- og sykkeltrafikk.

2-2.4 Kollektivtransport

Det skal planleggast kollektivhaldeplassar for av- og påstiging i samband med kryssa på E39.

2-2.5 Innfartsparkering

I samband med kryssa på E39 skal det planleggast innfartsparkeringsplassar for bil og sykkel.

Alle tilførselsveggar, gang- og sykkelveggar, kollektivanlegg og innfartsparkering som inngår i veganlegget knytt til E 39, skal planleggast samtidig med hovudveganlegget.

2-4 Krav om byggjegranser, funksjonskrav mm. (pbl § 11-9, nr. 5)

2-4.1

Byggjegrænse for E39 er 100 m målt frå planlagd veglinje og gjeld til reguleringsplan for E39 er vedtateken.

2-5 Tilhøve som skal klargjerast i vidare reguleringsarbeid (pbl § 11-9, nr. 8)

2-5.1 Miljøoppfølging

I samband med planlegging av bru over Bjørnafjorden, skal det gjennomførast ei før – og etterundersøking for å kartlegge kva akustiske verknader brua har for fisk og fiskevandring.

Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging, T 1442/2016, skal leggjast til grunn for arbeidet med reguleringsplanen.

Kap 3 Arealføremål (Pbl §11-7) og omsynssoner (Pbl § 11-8)

For areal etter pbl § 11-7 nr 1, 3, 5 og 6 og omsynssoner etter pbl § 11-8 a – c gjeld føresegnene i kommuneplanane for Stord 2010 – 2021, Fitjar 2011- 2022, Tysnes 2011 – 2022 og Os 2012 – 2023.